



Buasvingen er eit kritisk punkt. Farten er 60 km/t. Gåande på ut må over på feil side av vegen. Ein låg murkant er ei falsk sikring frå eit stup på fire meter.

Det må vera eit folkekrav at gong- og sykkelvegen frå Uskedal Bru til Steinsletto vert prioritert som nr. 1 på lista av trafikksikringstiltak i Kommunedelplan samferdsle i Kvinnherad. Ein viktig del av planen er tiltak for gåande og syklande. Torkel Stensletten er engasjert. Han har fritidshus på Steinsletto og bur deler av året i Uskedalen. Han har merka seg alt som er skrive om trafikksikring, fartsgrenser og skilting den siste tida. Mest kritisk er det på strekninga frå sentrum til Teigen (Steinsletto). Les kva Torkel Stensletten skriv:

Dei verste trafikktilhøva i Uskedalen er på fylkesvegen mellom Steinsletto og sentrum i Uskedalen. Dei siste 4 åra har biltrafikken auka svært mykje. Det er snart uråd å gå på vegen og til dels livsfarleg å sykla. To gonger har vi blitt forbikørde av bil midt i Buasvingen (svingen ved Eiklandet bryggje).



Eit anna kritisk punkt er svingen ved nausta på Steinsletto. På vinteret er vegen glatt og svært farleg. Det er inga frisoner mellom vegbanen og murkanten og dermed heller ingen plass for enakøring.

Ei anna sak er at det er svært mange som ikkje held fartsgrensa som no er 50 frå Fitjflato til Buasvingen. Og det er endå fleire som ikkje held grensa framom Steinsletto når dei køyrer mot sentrum i Uskedalen. Her er det rett som det er bilar som passerer i 80 km/time. Fartsgrensa må ned til 50 km frå der det no er skilta med 60, i alle høve fram til vi får gong- og sykkelveg frå Teigen til sentrum av Uskedalen.

Eg vil og sterkt oppmoda politiet til å føreta laserkontroll på nordgående trafikk. Eg trur aldri det har vore kontroll på denne strekkja. Frå Teigen til Buasvingen er det 15 private avkøyrslar frå fylkesvegen, og i tillegg er avkøyrsla til Børnesvegen som er lite oversiktleg når ein kjem mot Uskedalen.

Det må verta eit folkekrav at gong- og sykkelveg frå Uskedalen sentrum til Teigen vert sett øvst på lista i kommunen. Truleg er trafikken større langs vegen her enn i Rosendal, sidan Uskedalen ligg midt i kommunen.

Tekst/nett: Torkel Stensletten/ Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal / privat



Torkel Stensletten har klare meninger om kva som må prioriterast av tiltak i den nye trafikksikringsplanen.